



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Håvard Rød, 5557 2143

Vår dato  
27.06.2014  
Dykkar dato

Vår referanse  
2014/8056  
Dykkar referanse

Kommunane i Hordaland

### Ordinært skjønstilskot for 2015

Fylkesmannen vil i september d.å. fordela ordinært skjønstilskot mellom kommunane for 2015. Fordelinga vil bli offentleg i samband med framlegginga av statsbudsjettet for neste år.

Dersom kommunen ynskjer å senda opplysingar til Fylkesmannen i denne samanhengen, må vi be om å få desse opplysingane innan torsdag 07.august d.å.

Det ordinære skjønstilskotet skal i hovudsak bli gitt til kommunar med vesentlege utgiftskrevjande tilhøve som ikkje blir fanga opp av inntektssystemet. Skjønsmidlane skal i hovudsak berre bli gitt for tilhøve som kommunane ikkje er årsak i sjølve.

I brev av 20.mai d.å. frå Fylkesmannen til kommunane om kommuneopplegget for 2015 er det gitt informasjon om skjønsmidlane for neste år.

Med helsing

Rune Fjeld  
assisterande fylkesmann

Else-Kristin Foss Vikenes  
avdelingsdirektør

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*